

KORPSET TRENG HJELP !!!!!!!!!!!!!

Me er så glad for å ha eit korps i bygda vår og ynskjer å behalde dette i lang tid framover.....

Det er i år 4 ivrige, flinke aspirantar og 5 dyktige, lovande ungdommar. Me håpar på endå fleire nye aspirantar til hausten og alle born frå 3.klasse og oppover vil få invitasjon til aspirantkurs i postkassen.

Når det gjeld vaksne i korpset, har desse minka til kun 4 i herdige personar. Dette gjer at det er tungt å dra lasset både når det gjeld stemmer på songane og å drive dugnadar og administrering for og halde "hjula i gang".

For at korpset i Vikebygd ikkje skal bli eit kjært minne frå svunne tider, tek me opp "vervekampanjen" no.

BLI MED I KORPSET:

Me har funne gamle bilete frå korpset si "glanstid" og ser at mange av desse framleis er å finne i den fagre bygda vår. No ber me fint og tynt om at desse tek opp att gamle **takter** og er med og gjer at korpset har ei framtid. Me er også så heldige og har mange "innflyttarar" til bygda. Kanskje det er nokon av dei som har spelt i korps der dei vaks opp, eller om nokon har lyst å prøve seg utan å ha spelt før– så er alle meir enn velkomne til å bli med!

Det vil, i så tilfelle, bli eit "oppfriskingskurs" for nye og "gamle" medlemmer så det er heilt ufarleg. Sesongen for korpset er pr i dag ca 8 øvingar før jul og ca 8 øvingar før 17.mai, og øvingane er på Munabygget (skulen) **måndagar kl 19.00-21.00**. Aspirantane fylgjer skuleåret og har øving på Muna **fredagar frå kl 14.00 og utover**.

Ta kontakt med Marijann Belt Larsen, mob 90 06 58 95

Andreas Ulveraker er fortsatt trufast dirigent, så får me opp talet på musikantar ligg alt til rette for eit korps som vil blomstre....

BLI STØTTEMEDLEM I KORPSET:

Med 13 medlemmer som betalar kontingent, høge utgifter på vedlikehald og innkjøp av musikkinstrument, samt lønn til dirigent som reiser heilt frå Haugesund og har opplæring både med aspirantar og korpset, har utgiftene blitt høgare enn inntektene den siste tida. Me kjem difor til å sende ut giroar i alle postkassar i bygda, med spurnad om å bli støttemedlem i korpset; kr 100,- pr enkeltperson og kr 200,- for familie. Håpar mange kjem til og vere med og støtte....

Me takkar på førehand!

Mvh
-styret i korpset-